



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6713 - 15/120

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
06.01.2015

Oversending av søknad til uttale - gbnr 145/66

Saka gjeld søknad om dispensasjon og eit-trinnssøknad for oppføring av ein garasje på 64 m² på ein eigedom med eksisterande einebustad.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel, og frå bandleggingssone i høve kulturminne, men eigedommen er ikkje omfatta av bandleggingssona for kulturminne. Det ligg gravminne frå jernalderen i området, den nærmaste ligg ca. 180 meter unna garasjen det er søkt om, og kjem såleis ikkje innunder bandleggingssona for kulturminne.

Garasjen er søkt plassert i ein avstand på 1,5 meter frå nabogrense, og det er lagt ved samtykke frå den aktuelle naboeigedommen.


Det ligg ikkje føre nabomerknader.

Planstatus

Eigedommen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel, og ligg i område avsett til LNF.

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet LNF.





Utklipp frå «Kommuneplan for Lindås 2011-2023» som syner den omsøkte eigdommen: gnr. 145 bnr. 66.



Flyfoto av same område som kartet over syner.



Omsøkt plassering av garasje.

Eksisterande einebustad.

VURDERING

Dispensasjon

Tiltaket er i tråd med den eksisterande bruken av eigedommen. Opphavelag stod det ei fritidsbustad frå 1950-tallet her, og i 2005 blei det gitt løyve til utviding av bygningen. Garasjen følgjer einebustaden sitt formuttrykk, og er vist plassert på ein eksisterande, delvis gruslagt plass som i dag brukast til parkeringsplass.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet - GBNR 145/66 Fosse indre - garasje
Dispensasjon og søknad om løyve til tiltak §20-2 Garasje gbnr 146-66 med vedlegg
Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - GBNR 145/66 Fosse indre - garasje
Ny sak Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak pbl §20-2 Garasje på gbnr 145-66
ATT00001.

Kopi til:

Roselinn Sanden	Skarsvegen 349	5911	ALVERSUND
-----------------	----------------	------	-----------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN